

Tiltak: Klimarådgiving

Miljøtema: Miljøavtale og klimarådgiving, RMP forskriften kapittel 9

RMP-forskrifta § 32:

Det kan gis tilskudd for klimarådgivning som er gjennomført i en søknadsperiode, fra 15. oktober forrige år til 15. oktober i søknadsåret. Tiltaksplan for utført rådgiving må vedlegges søknaden. Tiltaksplanen skal være underskrevet av rådgiver.

Med klimarådgivning menes rådgivning som i størst mulig grad tar for seg en helhetlig gjennomgang av utslipp og opptak av klimagasser fra alle gårdenes produksjoner, med sikte på å gjennomføre klimatiltak. Behov for klimatilpasning skal også inngå i rådgivningen. Tilbydere av klimarådgivning skal være godkjent av Landbruksdirektoratet.

Dersom det søkes om tilskudd for gjennomført klimarådgivning i flere søknadsperioder, er det et vilkår for å få tilskudd at tiltaksplanen oppdateres for hver søknad.

Tiltaksklasser: to-til-en rådgivning, en-til-en rådgivning, grupperådgivning.

Tilskuddet kan kun utmåles for én gjennomført rådgivning per søknadsomgang. Tilskuddet utmåles per stykk.

Forklaring:

I jordbruksoppgjøret 2020 vart det bestemt at klimarådgiving skal innlemmast som tiltak i RMP.

Ordning gjeld frå 2021, og er ei treårig pilotordning. Formålet med tilskotet er at bonden skal få rådgiving om klimaavtrykket til garden og behovet for klimatilpasning.

Det er totalt tre tiltaksklassar for å synleggjera kostnadene ved rådgivingen. Tiltaksklassen to-til-en rådgiving blir der nytta gardsdrifta består av fleire typar produksjonar, eksempelvis grovfôrproduksjon og mjølkeproduksjon. En-til-en rådgiving blir nytta når gardsdrifta består av ein enkelt produksjon, eksempelvis korn eller grønsaker. Denne tiltaksklassen blir òg nytta i dei tilfella der produksjonen består av forskjellige produksjonar, men der det i inneverande søknadsomgang ikkje kan lagast ein tiltaksplan som omfattar alle produksjonar på garden, fordi det ikkje eksisterer eit heilskapleg rådgivingstilbod. Eit døme på dette er at det ikkje blir tilbode klimarådgiving for produksjon av svin, fjørfe m.fl. i kombinasjon med planteproduksjon.

Klimarådgivinga skjer av godkjente rådgivarar. Statsforvaltaren skal halda ei oppdatert oversyn over godkjente rådgivarar på nettsida.

Det skal lagast ein tilpassa tiltaksplan for jordbruksproduksjonen på føretaket som listar opp konkrete tiltak som er aktuelt å gjera for at føretaket skal ha lågare klimagassutslepp, auka karbonbindinga, eller vera betre tilpassa klimaendringane. Gjennomføring av tiltak som kjem fram gjennom klimarådgiving er ikkje eit krav for å ha rett til tilskot til klimarådgiving.

Klimarådgiving kan i utgangspunkt skje når som helst på året. Det ideelle vil vera at klimarådgivinga skjer på eit tidspunkt som legg til rette for at bonden kan gjera vurderingar og ta avgjerder om drifta i tide før kommande vekstsesong. Fristen for å søka tilskot til RMP-tiltak er i oktober for tiltak som er gjennomført i førre vekstsesong, og utbetaling skjer etteråt i mars året etter. Dersom klimarådgivinga

blir gjennomført på andre tidspunkt enn i vekstsesongen, kan det ta lengre tid frå klimarådgivinga er gjennomført til bonden får utbetalt tilskotet enn for dei andre tiltaka i RMP.

Det er ikkje mogleg å søka både to-til-en rådgiving/en-til-en rådgiving og grupperådgiving.

Førebels tilskotssats 2022:

To-til-en rådgiving – 8 000kr/stk

En-til-en rådgivning – 6 000 kr/stk

Grupperådgiving – 2 000 kr/stk